

Informasjon om hjort- og elgjakta - Aurland 2023

Dette brevet vert sendt ut elektronisk til valda, i tillegg til at det vert lagt ut på heimesida til landbrukskontoret. Det er viktig at de som er valdansvarlege vidaresemdar til alle grunneigarar og jegerar i valdet dykkar. Når alle får same informasjon, er det enklare å samarbeida:-) Om det er noko de lurar på, er det berre å ta kontakt!

Det er ingen endringar i signala frå sentrale styresmakter til kommunane kring Nordfjella og Hardangervidda i høve hjort/elg og skrantesjuka. Fokuset er å førebygge smittespreiing. Ved å ha låg tettleik av hjortevilt kring områda med påvist skrantesjuka håpar ein at sjansen for at hjort eller elg vert smitta, er liten. Heldigvis er det ikkje påvist smittsam skrantesjuka på korkje hjort eller elg i Noreg. Hjortebestanden i Aurland vert rekna som tett, og sentrale styresmakter oppmodar om framleis hard jakting for å redusera tettleiken.

I punkta under tar me for oss dei viktigaste tinga i høve årets jakt:

Kvot

Gjeldande bestandsplan for hjort er for perioden 2021-2023. Det er i bestandsplanen bestemt ei kvote på 393 fellingsløyve for hjort i 2023. Dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, kan nytta dei ubrukte løyva frå 2021 og 2022 i 2023. Dette er 350 løyve, så totalen vert då 743 fellingsløyve i 2023. I tillegg kan alle grunneigarar som er med i eit hjortevald skyta så mange kalvar dei vil, då det er gjeve dispensasjon til fri kvote på kalv.

Om nokon har trong for endå fleire verkemiddel, så er det høve til å flytta fellingsløyve mellom vald som er medlem i Aurland bestandsplanområde. Slik flytting krev skriftleg avtale mellom valda. Ta kontakt med landbrukskontoret eller hjorteutvalet for slikt avtaleutkast.

Alle fellingsløyva er frie på kategori frå Aurland kommune sin side, sjølv om Aurland hjorteutval i sin plan har omtalt «veiledande fordeling på fellinga». Det er lagt opp til at valda kan gjera lokale tilpasningar. Er det til dømes mykje hjort og beiteskader i et område, så vil det vera effektivt å fella ein større andel vaksne koller for å få reproduksjonspotensialet ned.

For elg er det 20 fellingsløyve til Aurland elgvald. Sjå vedlegg for fordeling på dei ulike valda.

Jakttid

Kommunane kring Nordfjella og Hardangervidda har utvida jakttid på elg og hjort i jaktåra 2022/23-2024/25. Den formelle jakttida er 15.august-31. januar. Det er freding frå jul til nyttår. Det er heller ikkje lov å nytta laus hund i periodane 15. aug.–1. sept. og 1. jan.–31. jan.

CWD –prøvetaking

Vaksen hjort og elg skal prøvetakast av jegerane. Prøveresultata er svært viktige for vegen vidare. Info og utlevering av prøvemateriell skjer på jegermøte i august. Kasse med prøveutstyr står som vanleg på fiskehuset ved Turlidfossen.

All generell informasjon om CWD er samla på: <https://www.hjortevilt.no/>

Kjeveinnsamling

Det er IKKJE kjeveinnsamling for hjort og elg i Aurland i 2023.

Jegermøte

Me planlegg å ha jegermøte i Aurland før jaktstart i august. Meir info om stad og klokkeslett kjem seinare.

Helikopter

Statens naturoppsyn tilbyr IKKJE helikopterfrakt av slakt i år. For valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde for hjort, er det likevel ei ordning kor det kan søkjast om refusjon til utgifter knytt til uttransport av slakt. Ta kontakt med styret i hjorteutvalet (v/sekretær Håkon Øydvin) for meir info om dette, eller innmelding i bestandsplanområdet.

Sal av slakt

Når det skal fellast mykje hjort, kan det kanskje vera trong for å selja unna eit slakt eller to. Haugen gardsmat i Flåm v/Odd Ohnstad kjøper slakt. Sjå <https://www.haugengardsmat.no/jegerinfo>

Telefonnummeret til Odd er 915 39026.

Sett-og-skutt

All jakting skal registrerast på Hjorteviltregisteret. Det er viktig også å registrera jaktdagane utan felling eller observerte dyr. Registreringane gjerast anten ved å logga deg inn på www.hjorteviltregisteret.no eller ved å lasta ned settogskutt-appen. Det er viktig at jegerane registrerer jaktinga si fortløpande, då har me oversikt over korleis fellingane ligg an underveg i jakta.

Prøvesvaret finn de på hjorteviltregisteret under «Helse»-fana i Hjorteviltregisteret. I 2018 vart det gjort nokre endringar på korleis jegerane skulle registrera jaktinga si på settogskutt. I korte trekk var endringa den at alle observerte dyr skulle registrerast, uavhengig av om dyret med sikkerhet var sett fleire gonger/av andre. Me trur ikkje mange fekk med seg denne endringa, fordi det ikkje var godt marknadsført. I tida no er sett-hjort-registreringane viktigare enn nokon gong fordi me på den måten kan følgja med på endringane i bestanden opp i mot målet om reduksjon. Ei endring i måten å føra på er difor uheldig fordi det vert vanskelegare å samanlikna tala mellom åra. Difor har me beslutta at me IKKJE VIL FØLGJA endringa som det er lagt opp til i føring av sett-hjort. Alle jegerar i Aurland skal altså føra sett-hjort som før, og ikkje ta hensyn til endra instruks! Ergo, registrer sett-hjort som «vanleg»!

Human jakt

Sjølv om det er ønskeleg med høgt fellingsresultat, er det viktig at de tenkjer sikkerheit og human jakt når de er ute. Skyt kalven før kolla. Hugs plikten til å ha tilgang på ettersøkshund –og bruk hunden når uhellet er ute! Her har me ein del å gå på!

Samarbeid

Dei valda som er medlem i bestandsplanområdet har moglegheit til å flytta løyve mellom valda, og mellom åra i bestandsplanperioden. For å flytta løyve mellom åra i planperioden trengs det ingen avtale. Eit vald som har igjen løyve frå 2021/2022, kan nytta desse no denne hausten. Alle fellingsane skal meldast inn i fellingsrapporten det året dei er felt. For å flytta løyve mellom vald som er medlem i bestandsplanområdet, må valda ha ei skriftleg avtale om samjakt. Ta kontakt om du ønskjer eit ferdig formular på dette. Det valdet som får fellingsløyvet tildelt, skal rapportera resultatet, uavhengig av om løyve er nytta på eit anna vald. På settogskutt registrerer jegerane fellingane på det valdet som dyret vart jakta på. Fellingsavgifta vert fakturert valdet som fekk løyvet. Det som truleg vil vera begrensande for jaktuttaket til hausten er jegeranes tilgjengelege tid til å jakta. Dei valda som «føler seg ferdig» med å jakta i løpet av hausten og som har mykje dyr i terrenget, bør vurderer om dei kan slippa fleire jegerar inn i terrenget. Dette kan gjerast anten ved at jegerar har med «eigne fellingsløyve» eller at fleire jegerar kan koma inn og jakta på dei løyva som er gitt det aktuelle valdet. Dei merka hjortane fortel oss at dyra nyttar mange vald i løpet av året. Dei dyra som ein kanskje opplever som «eigne dyr», flytter seg oftast mykje, både i løpet av døgeret og sesongen.

Fellingsavgift

| Fellingsavgift: | 2023 |
|------------------------|-------------|
| Hjort \geq 1,5 år | 450 |
| Hjort kalv | 0 |
| Elg \geq 1,5 år | 580 |
| Elg kalv | 0 |

Rapportering

Frist for rapportering til kommunen er 14 dagar etter endt jakttid. Som i fjor, og truleg i all overskueleg framtid, skal valdansvarleg gjera dette i hjorteviltregisteret. Me tek sikte på litt meir info om dette når det nærmar seg.

Skitt jakt!